

Kven vert ny sokneprest?

14.03.2013

Tilsetting av ny sokneprest var ei av sakene under soknerådsmøtet 12. mars. Søknadsfristen er 16. april og tilsettinga skal skje i veke 18 etter intervjurunde i veke etter 14. Elles var desse sakene ope på siste møte i soknerådet:

1. Godkjenning av gudstenestelista for 2.halvår 2013
2. Konfirmasjonsjubileum 2013, for 50/51,60/61, 70/71-års konfirmantar
3. Lokal grunnordning for hovudgudstenester i Uskedal sokn (høgmesse, konfirmasjon, familiegudsteneste, lysmesse). Justering etter at vedtaket blei handsama i bispedømerådet.
4. Legge saklister til soknerådsmøta ut på nettsida Uskedalen.no ?
(Dette for å gjere meir kjent i bygda/soknet korleis- og kva oppgåver soknerådet arbeider med).
5. Jubileumsnemnd for 100 års jubileet i 2014
6. *Orienteringssak:* Tilsetting av ny sokneprest, søknadsfrist 16.04.13, intervjurunde veka etter, soknerådet skal gje innstilling i veke 17, og tilsetting skal såskje i veke 18.
7. *Orienteringssak:* Kristian Due skal halde konfirmasjonsgudstenesta 28.04.13.
8. Neste soknerådsmøte :
 - Planlagt til 04.06.13.
 - Samt eit ekstramøte i veke 17, for å gjere innstilling i høve ny sokneprest.
9. Framdrift vedkomande vedlikehaldet av Uskedal kyrkje fram mot jubileumsåret. Politikar Kjell Yri og kyrkjeverje Arne Lindekleiv er førespurt om- og vil kome til møtet.